

Retningslinjer for stipendiatar sine arbeidsoppgåver ved UiT Noregs arktiske universitet

Vedtatt av:	Styret ved UiT 15.5.1997. Endra 23.5.2006 (F 53-06).
Gjeld frå:	23.5.2006.
Oppdatert	26.11.2020
Heimel:	<i>Forskrift 31.1.2006 om ansettelsesvilkår for stillinger som postdoktor, stipendiat, vitenskapelig assistent og spesialistkandidat § 1-3 siste ledd.</i>
Arkivref:	1996/772 – 2006/1478 – 2020/8047

Ein stipendiat er ein forskingsressurs som skal gi fagmiljøet ny kunnskap i form av ei doktoravhandling. Stipendiatperioden skal munna ut i ein doktorgrad. Universitetet og kvart enkelt forskingsmiljø må leggja forholda til rette slik at ein kan nå dette målet. Arbeidsoppgåvene skal så langt mogeleg organiserast med tanke på dette.

Doktorgradsstudiet er normert til tre år, jf. § 4 i forskrift 16.12.2005 om grader og yrkesutdanninger, beskyttet tittel og normert studietid ved universiteter og høyskoler.

Normal tilsetjingstid i universitetsstipend er fire år. Normalt skal det fjerde året vera fordelt over stipendperioden, slik at 75 % av arbeidsåret skal brukast på forskarutdanninga i heile perioden. I planlegginga av det fjerde året bør dei faglege interessene til stipendiaten vega tungt.

Arbeidsoppgåvene skal, så langt råd er, vera pålagde i god tid før dei skal utførast.

1. Arbeidsoppgåver i stipendperioden

Desse retningslinjene gjeld for universitetsstipendiatar og for stipendiatar med ekstern finansiering der universitetet er arbeidsgivar. Ein stipendiat som er tilsett for tre år, skal bruka heile perioden til å skriva ei doktoravhandling og ta opplæringsdelen på 30 studiepoeng.

Ein stipendiat som er tilsett for fire år skal bruka det fjerde året til andre arbeidsoppgåver enn studiet. Dette skal vera oppgåver universitetet treng å få utført. Denne arbeidstida skal normalt fordelast med 25 % per år.

2. Formålet med det fjerde året

Det fjerde året skal leggjast opp slik at det i størst mogeleg grad fører til ei betre forskarutdanning for stipendiaten, og slik at stipendiaten vert best mogeleg kvalifisert til å utføra arbeidsoppgåvene i ei forskings- og/eller undervisningsstilling. Innafor denne ramma kan einingane ta omsyn til eigne behov for undervisning m.m.

3. Oppgåver det fjerde året

Arbeidsoppgåvene kan omfatte undervisning/sensur, arbeid med vitenskaplege samlingar, anna fagleg arbeid og administrasjon mv., jf. pkt. 1¹ og 7 i *retningslinjer for fordeling av arbeidstid for ansatte i undervisnings- og forskerstillinger* vedtatt av universitetsstyret 8.5.2014.

Undervisning og sensur kan vera på både bachelor- og masternivå, og bør vera knytt til stipendiaten sitt forskingsfelt. Arbeidstidsnormering av undervisning skal så langt råd er følgja dei nemnde retningslinjene og eventuelle utfyllande reglar einingane har vedtatt. Einingane kan vekta undervisning/sensur som må reknast som særleg arbeidskrevjande høgare enn retningslinjene tilseier.

Døme på faglege/administrative arbeidsoppgåver er formidling, skulebesøk, ansvar for drift av fagleg relevant utstyr, profilering på nettet, utvals- og rådsarbeid, arrangement av faglege møte/konferansar mv. Berekninga av omfanget skal gjerast sentralt for sentrale verv og arbeidsoppgåver, og ved eininga for lokale verv og andre arbeidsoppgåver.

Kvar enkelt eining kan vedta utfyllande reglar om innhald og omfang av det fjerde året.

4. Gjennomføringa av arbeidsoppgåvene

Einingane – fakulteta/UMAK/UB – må passa på at innhaldet i og omfanget av arbeidsoppgåvene er innafor rammene av reglane. Dei skal leggja opp arbeidsoppgåvene i samarbeid med rettleiar og doktorgradsstudent (stipendiat) slik at arbeidet med doktoravhandling og opplæringsdel kan gjennomførast i stipendperioden.

Dersom det vert usemje om arbeidsoppgåvene, skal arbeidsplanen leggjast fram for det lokale forskarutdanningsutvalet (programstyret). Stipendiatar som har fått godkjent utanlandsopphald som ein del av forskarutdanninga si, får bruka heile arbeidstida – også tida i det fjerde året – til doktorgradsarbeidet i den perioden opphaldet varer.

Det lokale programstyret kan gi fritak for eller reduksjon av det fjerde året etter søknad.

¹ Sjå særleg pkt. 1.4.4, andre ledd (3).